



# *Græske-karis plass*

*Av Knut Raastad, skrivi i 2004*

*I Nordherad nord og opp for Ulsand er det mura gjerde rundt tre lykkjer som vart kalla Greske-lykkjun. Den nordste lykkja heiter Greske-Karis plass, i 1865 er dette nemnd som Grøskestuen. I 1872 fekk Kari Andersdotter Ulsanden festeseddel på Græske-Kari-Plassen frå Nordherad Statsalmenning med årleg leie 60 skilling. I 1865 budde Græske-Kari saman med dotter og dotterdotter, medan også ei anna dotter med sin son budde der i 1875. Kari Andersdotter f. 1807 var ugift, ved fødslar budde ho i 1830 i Pillarvikeie på Lalm og i 1843 på Visteeie. Kari var dotter til Anders Knutsen, truleg er dette han som vart kalla Anders Gresk 1767-1849, omtala i årbok 1949 og 1966. Mor til Kari var Rønnaug Larsdotter.*

*Kari hadde døtrene*

*Ragnhild Hansdotter f. 1830, faren var Hans Olsen Vistekleiven.  
Ragnhild var ugift, men*

*hadde dottera Ragnhild Syversdotter f. 1864 med Syver  
Knutsen Lillesæter i Lom*

*Anne Hansdotter f. 1843, faren var truleg ein Hans Iversen  
Øyseie. Anne var ugift, men*

*hadde med Jacob Johnsen Sønstelien sonen Ivar Jacobsen f.  
1868, til Amerika 1887*

*I 1875 var dei på Græske-Karis plass 2 sauер og 5 geit, medan dei  
sådde 1/5 tønne bygg og 1/5 tønne poteter.*

*Kjelder: Folketelling 1865, 1875  
Festekontrakt  
Håkon. Ulsand, Nordheringen nr. 1 2002: Gamle heimar  
rundt Ulsanden, s. 7  
Kari Bakke Storvik: Stadnamnprosjekt  
Utskrifter kyrkjebok for Vågå*